



KULTURHISTORISK
MUSEUM
UNIVERSITETET I OSLO
FORNMINNESEKSJONEN
Postboks 6762,
St. Olavs Plass
0130 Oslo

RAPPORT

ARKEOLOGISK UTGRAVNING

Kokegroper, graver,
dyrkingsspor

HOVIN ØSTRE, 138/5
ULLENSAKER KOMMUNE,
AKERSHUS FYLKE

ANNE SKOGSFJORD /
MARGRETE F. SIMONSEN



Oslo 2008



**KULTURHISTORISK
MUSEUM
UNIVERSITETET
I OSLO**

Gårds-/ bruksnavn Hovin østre	G.nr./ b.nr. 138/5
Kommune Ullensaker	Fylke Akershus
Saksnavn Hovin skole	Kulturminnetype Kokegroper, graver, dyrkingsspor
Saksnummer (arkivnr. Kulturhistorisk museum) 07/3189	Tiltakskode/ prosjektkode 756099 / 250206
Eier/ bruker, adresse Hovin skole	Tiltakshaver Ullensaker kommune
Tidsrom for utgravning 17.10.-06.11.2007	M 711-kart/ UTM-koordinater/ Kartdatum 1915 II rute PM 1869 utg. 3 NOR
ØK-kart NGO 1948 Gauss-K. Akse 3	ØK-koordinater 239107 N, 22755 Ø
A-nr. 2007 / 277	C-nr. C56310-C56315
ID-nr (Askeladden) ID99837	Negativnr. (Kulturhistorisk museum) Cf 33775-33786
Rapport ved: Anne Skogsfjord	Dato: 29.09. 2008
Saksbehandler: Margrete Figenschou Simonsen	Prosjektleder: Margrete Figenschou Simonsen

SAMMENDRAG

I samband med ombygging av Hovin skule, og utviding av uteareal, vart det gjennomført ei utgravning av KHM i perioden 17.10. – 06.11.2007. Området var utgravd ved maskinell flateavdekking, og arealet som vart avdekt var 2.268,1 m². Det vart funne 58 sikre kokegroper, 6 usikre kokegroper, 3 fotgrøfter, 3 graver, dyrkingslag og ardsplor. Utgravinga viste at området har vore i bruk over lang tid. Gravene er blant dei yngste strukturane på feltet, og dyrkingsspora er eldst.

Kokegropene ligg hovudsakleg i eldre dyrkingslag under dagens åker, men det låg også kokegroper i undergrunnen. Gropene var runde eller ovale i formen, og dei låg på rekkjer på ei flate før terrenget skrådde bratt mot aust. Fire av kokegropene datert til romertid, ei til folkevandringstid, ei til merovingertid og ei til vikingtid.

Fotgrøftene som markerte dei utpløygde gravhaugane låg i sør på feltet, diameteren varierte frå 7 til 13 meter. Det blei i tillegg funne tre mogelege graver i fotgrøftene. To var branngraver, medan den tredje var ei skjulletgrav med funn av pilspiss frå vikingtid. Det at vi har tre fotgrøfter saman, og at det fortsatt eksisterar ein gravhaug rett ved, tyder på at det før har ligge eit gravfelt på staden. Dateringane frå fotgrøftene og gravene er til merovingertid og vikingtid. Analyser av brente bein frå gravene kunne ikkje bestemmast nærmare, noko er truleg dyrebein.

Dyrkingslaga er 50 cm tjukke enkelte stader, og ardspora i botn tyder på at området har vore kontinuerleg dyrka i fleire tusen år. Det eldste dyrkingslaget er datert til mellom-neolittisk tid. Dette er ei av dei eldste dateringane som er gjort på slike dyrkingslag i austlandsområdet. Det blei også funne korn av bygg som indikerar at dette har blitt dyrka på staden.

INNHOOLD

1. BAKGRUNN FOR UNDERSØKJINGA	2
2. DELTAKARAR, TIDSRØM.....	2
3. FORMIDLING	3
4. LANDSKAPET - FUNN OG FORNMINNER.....	4
5. UTGRAVINGA.....	5
5.1 Problemstillingar – prioriteringar	5
5.2 Utgravingsmetode.....	7
5.3 Utgravings gang	8
5.4 Kjeldekritiske forhold	8
5.5 UTGRAVINGA.....	9
5.5.1 Funnmateriale	9
5.5.2 Strukturar	11
5.5.3 Datering	19
5.5.4 Naturvitskapelege prøver	20
5.5.5 Analyser.....	21
5.6 Vurdering av utgravingsresultata, tolking og diskusjon.....	21
6. KONKLUSJON.....	22
7. LITTERATUR	23
8. VEDLEGG	24
8.1. Strukturliste	24
8.2. Funn og prøver	30
8.3. Teikningar	37
8.5. Fotoliste.	38
8.6. Analyser.....	45
8.7. Kart og teikningar	58

RAPPORT FRA ARKEOLOGISK UTGRAVNING

HOVIN ØSTRE, 138/5, ULLENSAKER KOMMUNE,

AKERSHUS FYLKE

ANNE SKOGSFJORD

1. BAKGRUNN FOR UNDERSØKJINGA

I samband med reguleringa av Hovin skule vart det gjennomført kulturminne-registrering i planområdet av Akershus fylkeskommune (rapport ved Bengta Ryste 2006). Frå før av var det registrert ein gravhaug innanfor planområdet, Hertelshaugen (R3188). Under registreringa vart det påvist 32 kokegroper, 9 moegelege kokegroper, 5 moegelege stolpehol og 8 strukturar utan klar tolking (ID 99837). I tillegg vart det registrert ei kokegrop og 4 strukturar med usikker funksjon (ID99838) på eit område som i dag blir brukt til fotballbane innanfor skulegarden.

Akershus fylkeskommune, i brev av 28. februar 2007, føreslo at aktivitetsområdet ID99837 kan bevarast i kombinasjon med areal til leik, og at det eventuelt kan leggjast på duk, og fyllast på meir masse om det blir nødvendig. Og for lokalitet ID99838 tilrådde fylkeskommunen å gje dispensasjon utan vilkår om ytterlegare arkeologiske undersøkjingar. Kulturhistorisk museum, i brev av 16. april 2007, tilrådde at felt ID99837 burde regulerast til eit spesialområde til bevaring sammen med Hertelshaugen. Gravhaugen burde bevarast med sitt umiddelbare nærområde, og eit opent kulturlandskap mellom gravhaugen og Raknehaugen bør oppretthaldast. Museet anbefalte at ID99838 ikkje blir gitt dispensasjon utan vilkår ut i frå ei heilskapleg vurdering av kulturmiljøet rundt Hertelshaugen og Hovin skule. Riksantikvaren, i brev av 28. juni 2007, godkjente reguleringsplanen for Hovin skule med vilkår om ei arkeologisk utgraving av ID99837, med ein føresetnad at området regulerast til leike-/oppfallsområde i kombinasjon med spesialområde for bevart kulturminne, gravhaug R3188. Det blei vurdert slik at felt ID 99837 ikkje vil få eit tilstrekkeleg vern innanfor det regulerte området og må derfor undersøkjast gjennom ei arkeologisk utgraving. Riksantikvaren tillet derimot inngrep i ID99838 utan vilkår om ytterlegare undersøkjingar. Reguleringsplanen vart godkjend i Ullensaker kommunestyre 16. oktober 2007, med vilkår om arkeologisk utgraving av ID99837.

2. DELTAKARAR, TIDSROM

Utgravinga vart gjennomført i perioden 17. oktober til 6. november 2007. Det var sol eller sol / overskyt alle dagane, og ingen dagar med nedbør. Det var låg sol og vanskelege ljøsforhold, og det begynte å bli mørkt i 15-tida. Temperaturen var frå -2°C til 10°C. Nokre dagar var det frost i bakken som ikkje tinte før til lunsj.



Navn	Stilling	Varighet
Anne Skogsfjord	Feltleiar I	17.10-06.11.2007
Ellen Margrethe Storrusten	Feltassistent	17.10-02.11.2007
Ole Christian Aslaksen	Feltassistent	17.10-02.11.2007
Lars Morten Fuglevik	Feltassistent	30.10-02.11.2007
Rune Borvik	Feltleiar I, innmåling	24.10, 30.10, 05.-06.11
Ingrid Finstad	Feltassistent	06.11.2007
Wilhelm Fronth	Metallsøk	17.10, 24.10.2007
Til saman		52 dagsverk i felt

Prosjektleiar Margrete Figenschou Simonsen var med 17. og 30. oktober, og 5. november. Wilhelm Fronth arbeidde med metallsøkar 17. og 24. oktober. Gravemaskinførarar var Ole Einar Løken 17.-23. oktober, Kim Nafstad var med 22. oktober, 5. og 6. november, og John Skottner var med 29. oktober. Alle arbeider for firmaet Fijo Anlegg AS, Jessheim.

Romerikes Blad hadde ein reportasje frå utgravinga laurdag 3. november 2007.

3. FORMIDLING

Det var mange som besøkte utgravinga. Kristin Jahnsen frå Akershus fylkeskommune, og kulturkonsulent i Ullensaker, Ola H. Fjeldheim, var innom. Rektor ved Hovin skule, Katrine Grønneberg, var ute fleire gonger. Klassene 1A, 1B, 5A, 5B, 7A, 7B og 2. og 3. klassingar på SFO fekk omvisning 1. november.



Omvisning med 2. og 3. klassingar på SFO (Cf 33784_16).

Axel Alvarez Orvik frå 10C på Hovin skule i Oslo var på besøk 30. oktober sammen med mor, Sølvi Orvik, i samband med eit prosjekt på skulen der han skulle intervju ein arkeolog.

To håndverkarar, Øyvind og Tony Jansen, som dreiv med restaurering av eit hus på Hovin østre 138/1 var innom. Dei fortalte at dei hadde funne ei beinfløyte (C56224) i massene under huset dei arbeidde på. Øyvind Jansen var også innom ein dag seinare, saman med ein annan håndverkar. Beinfløyta, som sonen Tony hadde funne, vart levert inn.

Wenche Helliksen og Lil Gustafson frå Kulturhistorisk museum, og Kjartan Fønstelién frå Akershus fylkeskommune, var på besøk 5. november.

4. LANDSKAPET - FUNN OG FORNMINNER

Det viktigaste kulturminnet innanfor reguleringsplanen er Hertelshaugen. Denne haugen er 16 meter i diameter og 2,5 meter høg, haugen ligg inne i skulegarden på Hovin skule. Utgravingsfeltet ligg aust for skulen, på ein terrasse som er orientert SSV-NNØ, området skrå i aust ned mot eit fuktig område.



Hovin skule, Hertelshaugen og utgravingsområdet (Cf 33775_03).

I landskapet rundt fins det fleire gravhaugar frå jernalder. Omtrent 500 meter aust for feltet ligg Nordens største gravhaug, Raknehaugen, som er datert til 500-talet e.Kr. Hertelshaugen har opprinneleg ligge ved den same ferdselsvegen som går forbi Raknehaugen, *Ljóðgata*. Vegen vitnar om at det allereie i folkevandringstid gjekk ei viktig ferdselsåre gjennom her. Ved Hovin skule kryssa to hovudvegar, vegen frå Oslofjorden og nordover til Mjøsa, og vegen som kom frå Hadeland og fortsatte austover mot Rauma (Dørum 1997:107). I følge eit kart frå 1805 låg Hertelshaugen i eit vegkryss, men i dag er mykje av denne landskaps plasseringa forsvunne gjennom ombyggjinga av skulen, men kontakten austover mot Raknehaugen er framleis intakt fordi landskapet her består av dyrka mark.

Det er eit rikt kulturmiljø rundt Hertelshaugen. I tillegg til Raknehaugen ligg Hovin kyrkje, som er kyrkjestad frå middelalderen, 450 meter sør for Hertelshaugen. Hovedbygningen på Hovin østre (ID 86115) er freda og ligg ca. 220 meter sør for gravhaugen. I dette huset, "Skrivergården", vart beinfløyt funnen i masser under golvet. Om lag 350 meter nordnord aust for Hertelshaugen ligg dei beskjedne restane av to gravfelt som kvar har inneheldt over eit titals gravhaugar (ID 22315 og 80418). Det er mange opplysingar om gjenstandsfunn frå området rundt Raknehaugen, og det er funne overpløgd gravhaugar ved flyfotografering. På Haug vart det funne 12 overpløgd gravhaugar, og på Ljøgot 13, under flyfotografering på 1990-talet. Fleire av gravfunna som blei

gjort på 1800-talet kan stamme fra desse haugane (Skre 1998, Helliksen 2006). Av enkeltfunn fra Hovin er det funne to fibulaer i bronse C15661 og C15662 som er datert til eldre jernalder. Det fyrste er utan informasjon om kontekst, medan den andre er funne i ein liten rund haug på garden. Begge kan stamme frå kvinnegraver. I tillegg er det gjort eit lausfunn frå vikingtid på Hovin østre 138/1, ein dørring, C53145 av bronse/jern. Ringen er dekorert med punktspiralar og to menneskeansikt. I samband med registrering for utviding av Hovin kyrkjegard vart eit område avdekt, og 8 strukturar lokalisert (ID 76252), desse vart tolka som kokegroper og eldstader. Ved Hovin kyrkje låg det også ein langhaug som vart øydelagd ved at det vart utgrave ein potetkjellar i 1867, og den vart nesten heilt fjerna ved seinare utviding av kyrkjegarden. I følgje tradisjonen skal fire kongelege barn ha vorte gravlagd her, og haugen har derfor blitt kalla "Bonnhaugen" (ID 3193). I samband med grøftegraving ved Hovin kyrkje overvåka NIKU gravinga i 1998. Det vart funne konsentrasjonar med kokstein, stolpehol og to eldstader. Ut i frå funnas karakter, staden dei vart funne og lausfunn av blant anna tegl og kritt Piper, meiner NIKU at dei har funne levningar etter garden Gata. Ei skisse frå 1805 viser fleire bygningar i området der strukturane vart funne, blant anna skal det ha stått ei brygghus på staden. NIKU meiner at det er sannsynleg at eldstadene og koksteinslaget er levningar etter dette bryggehuset (Engen 1998).

5. UTGRAVINGA

5.1 PROBLEMSTILLINGAR – PRIORITERINGAR

Det vart ikkje utarbeidd prosjektplan for denne utgravinga, men det vart rekna med at antalet strukturar ville bli dobla, dvs. ca. 110 strukturar. Målsetjingane dreiar seg om dokumentasjon og datering av kokegropfeltet, samt avklare om nokre av strukturane er flatmarksgraver. Feltet ligg i nærleiken av Raknehaugen og Hovin kirke, og det er interessant å sjå dette feltet i samanheng med desse kulturminna, samt tidlegare undersøkingar gjort av Gardemoprojektet på Haug blant anna, der det er påvist fleire hus, dei eldste tilbake til bronsealder (Helliksen 1997).

På 500- og 600-talet vart det bygd storhaugar av betydelege dimensjonar i fleire av Austlandsbygdene. Karakteristisk for dei største haugane er at dei ofte ligg som einslege monument sentralt i gode jordbruksbygder, og nært viktige kommunikasjonslinjer i landskapet. Dei fortel om kvar dei regionale maktsentra har i Aust-Noreg har ligge på denne tida. I Jordanes verk om goteranes historie skildrast skandinaviske folkestammer på 500-talet, navnet *Raumarici* viser sannsynlegvis til Romerike. Raknehaugen er eit mogeleg sentrum i eit smårike, og det er nærliggande å knytte monumentet til eit høvdingdøme eller småkongedøme på 500-talet. Raknehaugen ligg i dag på prestegarden Hovins grunn, men låg før på grensa mellom Haug og Ljøgot. Grensa gjekk rett gjennom det høgaste punktet på Raknehaugen. På den tida haugen vart bygd er det sannsynleg at området hørte til Hovin, og at Ljøgot har blitt skild ut frå denne seinare (Skre 1998:198,256ff; Helliksen 2006:250ff).

Planområdet er ein del av garden Hovin østre. Hovin er blant dei aller største gardane på Romerike (Skre 1998:311). Gardsnavnets gamalnorske form er

Hofvin. Det fyrste leddet *hof-* har lenge blitt tolka som hedensk tempel (for eksempel Rygh 1898:55-56). I dag blir *hof-* navnet gjerne knytt til hallen som høyrde til enkelte av dei største jernaldergardane i Skandinavia. Hallen har hatt ein funksjon innan eit elitært miljø, som arena for gjestebod og rituelle handlingar av politisk tyding. Det fins også fleire eksempel på at *hof-* navn der eit hedensk gudenavn er fyrste ledd, for eksempel *Óðinshof*, som truleg viser til hedensk kult. Forskerar er ikkje einige i kva dateringar *hof-* navn har, enkelte vil føre dei tilbake til tida før 600-talet, medan andre meiner dei fyrst vart introdusert på 600-talet. Gardsnavnets siste ledd *-vin* betyr naturleg eng, beitemark, og navnet vart bruka på gardar anlagt i dei fyrste 8 århundra e.Kr. Gardar med *hof* som fyrsteledd blir gjerne tidfesta til hedendommens siste århundre, altså til vikingtida. Lenge før Hovin fekk status som eige gardsbruk blei garden sannsynlegvis brukt som beiteland og slåtteng under Haug (Dørum 1997:110-111). Dagfinn Skre (1998:321) meiner at navnet tyder på at Hovin var setegard for aristokratiet i yngre jernalder. Magnus Olsen hevdar at *hof*-navn på kyrkjestader vitnar om ein kultkontinuitet. Hovin kyrkje er ein kyrkjestad frå middelalderen, medan nåverande kyrkje er oppført i 1695.

Utgravingsområdet ligg nær gamle ferdselsårar, og har vid utsikt, blant anna mot Raknehaugen. På kart frå 1805 ser området rundt Hovin ut til å vera fulldyrka, medan sandmoen i nord var dekt med skog. Sett i forhold til ei store endringane som har skjedd på Romerike dei siste tiåra, framstår kulturlandskapet rundt Hovin skule som velbevart, og med stort potensiale for arkeologiske funn.

Kokegroper er groper med eit kollag som er dekt av skjørbrent stein, medan liknande groper med relativt lite stein gjerne blir tolka som eldstader. Dette er nokre av dei vanlegaste kulturminne som blir funne ved maskinell flateavdekkjing på Austlandet. Dei fleste kokegropene som er undersøkt og ¹⁴C-datert i samband med utgravingsprosjekt andre stader på Austlandet dei siste 15 åra, er frå romertid / folkevandringstid med dateringar frå Kr.f til 600 e.Kr. Ein del av desse kokegropene er eldre, dvs. frå førromersk jernalder og nokre frå yngre bronsealder, tilbake til 1000 f.Kr. Nokre sjeldne dateringar er frå steinalder og vikingtid. Kokegropene har stor variasjon i form og dimensjon, det er mogeleg at dette reflekterar ulik bruk. Dei kan vera runde, ovale eller rektangulære, frå i underkant av 1 meter i diameter til 3 meter, og dei kan ha varierende mengde stein. Kokegroper som blir avdekt under åkerjord kan vera svært øydelagde av pløying, slik at bare botn er bevart. Kokegroper kan ligge i større samlingar, men dei kan også ligge enkeltvis, eller nokre få saman. Ut i frå kulturhistorisk og landskapsmessig kontekst kan ei skilje mellom fire hovedgrupper:

- Kokegropfelt eller enkeltliggjande groper knytt til gardsanlegg
- Kokegropfelt ved gravfelt
- Kokegropfelt på middelalderkyrkjegardar
- Kokegroper eller enkeltliggjande groper i utmark

Trass i mange funn av kokegroper på Austlandet dei seinare åra, er kunnskapen om desse kulturminna framleis avgrensa, og det er stadig eit stort behov for meir materiale fordi det er mange uavklart spørsmål knytt til kokegroper. Kokegroper er eit eige forskningstema ved Kulturhistorisk museum. I den seinare tid er det av

den grunn lagt vekt på å undersøkje kokegroper på ulik måte, og det blir gjort fleire typer analyser (for eksempel pollenanalyse, fosfatanalyse, måling av temperatur), og det blir lagd meir arbeid i undersøkingar av dei best bevarte gropene.

5.2 UTGRAVINGSMETODE

Området var utgravd ved maskinell flateavdekkjing, arealet som vart avdekt var 2.268,1 m². Metoden går ut på å fjerne matjordlaget gradvis ved hjelp av gravemaskin og krafse for å avdekkje strukturar i undergrunnen. Undergrunnen besto av sand, leire og gamle dyrkingslag (silt). Strukturane blei fortløpande markert med spiker og nummerert etter at heile feltet var avdekt. Av dei i alt 121 strukturane som blei markert i plan, blei 50 strukturar avskrive ved nærmare undersøking. Dei dokumenterte strukturane blei fotografert, innmålt og snittet. Dei fleste strukturar som blei snittet, blei i tillegg teikna både i plan og profil med målestokk 1:20. Det blei tatt ¹⁴C prøver frå kokegroper og andre strukturar.

Heile feltet blei digitalt innmålt ved Rune Borvik, og strukturane vart dokumentert med teikning og foto. Wilhelm Fronth gikk over feltet og lausmassene med metall søkar, det blei funne ein del jern og bronsegjenstander, dei fleste var sterkt korrodert eller øydelagde på anna vis. Blant anna vart det funne ein pilspiss, eldstål, og to fragment av bronsespenner, datert til vikingtid.



Wilhelm Fronth arbeider med metall søkar. Rune Borvik og Ole Christian Aslaksen driv med digital innmåling av feltet (Cf3376_11).



Rune Borvik måler inn fotgrøft 2 (Cf3376_02).

5.3 UTGRAVINGAS GANG

Før avdekking med maskin gjekk Margrete F. Simonsen og Wilhelm Fronth over området med metallsøkar 17. oktober 2007, frå ca. 10.00-12.00. Området hadde høg vegetasjon som fyrst vart fjerna av gravemaskinførar Ole Einar Løken. Ein del metallfunn vart gjort i overflata, det var svært mykje avfall frå nyare tid nærmast gjerdet mot skulen. Etter at matjorda vart fjerna blei feltet på nytt gått over med metallsøkar, og det vart funne langt færre gjenstandar frå nyare tid, spesielt området langs skråninga verka lite forstyrta.

Etter lunsj vart det lagt ei sjakt frå feltets nordlegaste del og sørover mot gravhagen. Arbeidde vidare med maskin 19., 22. og 23. oktober. Feltet vart innmålt av Rune Borvik 24. oktober. Wilhelm Fronth gjekk over den avdekte flata 24. oktober, ein del nye funn vart gjort, blant anna ein pilspiss som vart funnen i ein struktur. Margrete Simonsen kom til lunsj, og det blei funne to fotgrøfter og ei mogeleg grav der pilspissen vart funnen. Det vart bestemt at ein måtte opne eit større område, og John Skottner avdekte eit område vest for fotgrøftene 29. oktober. Ei ny fotgrøft vart også oppdaga aust for dei to andre, denne var dårleg bevart.

Ved snitting av diffuse kokegroper (S31-S33) vart det oppdaga ardspar 50 cm under desse, det viste seg å vera tjukke dyrkingslag som låg i ei lomme på feltet. Strukturane var snitta fortløpande, og etter at eit godt utval hadde blitt dokumentert og tatt prøver av, vart dyrkingslaga fjerna med maskin. Kim Nafstad fjerna dyrkingslaga, og ein profil vart ståande slik at ein kunne dokumentere utbreiinga av laga, og det blei tatt prøver av ulike lag for vidare analyse (makro- og pollenprøver). Det vart gravd ulike sjakter for å avgrense ardspara i undergrunnen, desse vart reinsa fram med krafse og gravskei, og Rune Borvik målte inn desse 5. og 6. november. Det vart oppdaga 4 nye kokegroper som låg i same nivå som ardspara. Det vart også funne store område med raudbrent leire og kol, dette blei tolka som mogeleg avsviing av markoverflata før dyrking. Fleire ardspar gjekk gjennom desse konsentrasjonane. Det vart tatt ut kolprøve til ¹⁴C-datering av desse brente områda.

Til saman vart 40 kokegroper snitta, av 58 totalt. Og det vart til saman lagt 7 snitt gjennom fotgrøftene. Grava S111 vart gravd stratigrafisk, og det vart funne både brente og ubrente bein.

5.4 KJELDEKRITISKE FORHOLD

Utgravinga fann stad seint i oktober og tidleg i november. På grunn av dårlege ljøsforhold, og frost i undergrunnen enkelte dagar, vart arbeidet med å snitte strukturar og fotgrøfter ikkje optimalt. I forhold til flateavdekkjing var det vanskeleg å sjå kva som var undergrunn. Seinare viste det seg at kokegropene låg i gamle dyrkingslag, noko som gjorde at utgravinga vart mykje meir omfattande enn det som vart lagt opp til ut i frå budsjettet. Utgravinga vart allikevel gjennomført innanfor det planlagde tidsrommet.



Morgonstemning på Hovin, (Cf33776-18).



Låg novembersol, og nytina felt etter nattefrost (Cf33785_15).

5.5 UTGRAVINGA

5.5.1 FUNNMATERIALE

Det vart funne ein del metallgjenstander både med metalløk, og under utgraving. Mange naglar og krokar, men også ei beltespenne og ei pilspiss. Beltespenna er sannsynlegvis frå nyare tid. Det vart også funne ein del av ei krittpipe, og keramikk- og glasskår frå etterreformatork tid.

C56310/1 Pilspiss i jern



Pilspissen Pilspissen som vart funnen er datert til vikingtid (Foto: Tom Heibreen, KHM)

Pilspissen har langt, tynt, spissovalt blad. Spissen er i to delar, tuppen er knekt av. Bladet er 13 cm langt, tangen er 1,5 cm. Totalt 14,5 cm. Breidda på bladet er 1,5 cm, tjukkelsen er 3 mm. Tjukkelse ved avsatsen er 8 mm.

Pilspissar som har spiss tange med avsats er ikkje eldre enn ca.750 e.Kr. i følge Farbregd (1972:22). Fram til ca. 850 e.Kr. er tangeavsatsen rett, men så blir skrådde avsatsar vanleg. Spissovalt blad med tange liknar Farbregd nr. 44-46 som er datert til vikingtid. Pilspissen er omtrent like lang som type 44 i bladet, men tangen er litt kortare fordi den er knekt. Bladet er også litt smalare, typeeksemplaret er ca. 2 cm breidt. Sannsynleg datering til vikingtid, ca. 850-1050.

C56314/ 3,4 Spenner av koparlegering

Det vart funne to små bitar av ei, kanskje to, ovale spenner av koparlegering frå vikingtid, ved metalløk. Begge vart funne i den nordlege delen av feltet, og er lausfunn. Den eine biten (C56314/3) er ein del av randa med dekor, og den andre (C56314/4) er frå nålefestet bak. Biten med dekor er av type Rygh 652, og liknar blant anna to ovale spenner som vart funnen på Habbarstad 114, Ullensaker (C10249, C10250). Det er sannsynleg at spenna har vore dobbel ut i frå dekoren. Datering er sein vikingtid. Kvinnegraver inneheld ofte to ovale spenner, og det er sannsynleg at funnet stammar frå ei kvinnegrav.



Ovale spenner frå Habbarstad, Ullensaker. Ein liten bit av ei slik spenne vart funne på Hovin. (Foto: Kulturhistorisk museum).

C56314/1

Isbrodd av jern. Funne i overflata etter avdekking med maskin.

C56314/2

Ildstål av merovinger- /vikingtidstype. Funne i overflata etter avdekking med maskin.

C56314/ 5,6,7

Tre hestekosøm. To godt bevarte, den eine av middelaldertype, den andre usikker. Den tredje er dårleg bevart, av middelaldertype.

5.5.2 STRUKTURAR

Det vart avdekt 58 sikre kokegroper, 6 usikre kokegroper (kolflekkar), 3 fotgrøfter, 3 graver, dyrkingslag og ardsfor. Kokegropene ligg i, og under, ulike dyrkingslag, og vitnar om at området har vore i bruk i lang tid. Nokre få kokegroper ligg innanfor fotgrøftene, og er sannsynlegvis eldre enn desse, eit sikkert eksempel er kokegrop S107 som ligg under fotgrøft 2.

FOTGRØFTER OG GRAVER

Under avdekkjing av feltet i sør vart det oppdaga nokre grøfter som ved oppreinsing viste seg å vera sirkulære fotgrøfter. Fotgrøftene låg samla, sør på feltet, og kant i kant med kvarandre. Den største, fotgrøft 1, var 13 meter i diameter. Fotgrøft 2 var meir oval i formen, og ca. 8 meter i diameter. Fotgrøft 3 var dårleg bevart, og var heilt bort i skråninga mot nørdaust, men har hatt ein diameter på ca. 7 meter. Det er sannsynleg at dei tre fotgrøftene er restar av tre gravhaugar, og at saman med Hertelshaugen har dei vore ein del av eit større gravfelt som låg der Hovin skule ligg i dag. Gravene i fotgrøftene ser ut til å vera sekundære, og hovedgravene har sannsynlegvis blitt borte ved pløying. Matjordlaget oppå fotgrøftene var veldig grunt, ca 30-40 cm. Delane av bronsespenna, som vart funnen ved metalløk, kan tyde på at det har ligge gravhaugar også i den nordlege delen av feltet.



Det var leire i undergrunnen innanfor alle fotgrøftene (Cf 33784-02).

Fotgrøftene vart reinsa fram og tatt bilete av. Ved frost var grøftene svært tydelege. Det var ikkje bevart haugfyll i nokon av haugane, alle hadde steril leire i botn. Det vart tatt ut makrofossilprøver frå alle fotgrøftene, og pollenprøver frå fotgrøft 1 og 2.

Haug 1 (C56310)

Fotgrøft 1 vart snitta på tre stader, eit snitt (5) der den var tydlegast i plan, eit der den gjekk saman med fotgrøft 2 (4), og eit der det vart gjort eit snitt gjennom S111. Fotgrøft 1 er fra 6 til 20 cm djup, men tydeleg i alle snitt.

Grav 1

Innanfor fotgrøft 1 vart det funne ein struktur som er tolka som ei grav, S111. Grava er lokalisert i den nordvestre delen av fotgrøfta. I overflata var det vanskeleg å sjå korleis strukturen er relatert til fotgrøfta. Det vart lagd ein profil

på langs, gjennom heile strukturen. Den viser ei nedgraving i undergrunnen som er ca. 240 cm lang, og 37 cm djup.

I S111 vart det funne ein pilspiss av vikingtidstype. Det vart gravd ei 50x50 cm rute ved funnstaden, og ein fekk samtidig ein profil på tvers gjennom grava. Det er vanskeleg å sjå relasjonen mellom grava og fotgrøfta. Om dette er på grunn av at grava er gravd ned i fotgrøfta og forstyrrar denne, eller om det er fordi grava er eldre, og fotgrøfta har ligge høgare, er uklart. På utgravinga på Bergerjordet (Bukkemoen 2007:31) vart det funne ei grav som låg heilt i utkanten av ei fotgrøft. Her ser det ut som om fotgrøfta har stått nokre år, og blitt delvis fylt att, før grava har blitt satt ned. Det var ingen andre gravfunn i denne haugen. Funnet frå Bergerjordet viser at ei grav ikkje nødvendigvis treng å ligge sentralt i strukturen. Kanskje har vi ein liknande situasjon på Hovin.

Det vart funne brente og ubrente bein i strukturen. Dei brente beina vart funne i overflata, medan dei ubrente (tannemalje) låg lenger ned. Dei ubrente beina låg samla, og var rest av eitt bein, men funnet var i såpass dårleg stand at det smuldra opp når det vart tatt ut av jorda. Beina er truleg dyrebein, i følge Per Holck. Ein kan ikkje utelukke at funna bare har fylgd med i fyllmassa, både brente bein og tannemalje oppbevarast betre enn ubrente bein frå eit eventuelt skjellet.

Grava er tolka som ei skjelletgrav som ligg på innsida av fotgrøfta, og som sannsynlegvis er lagd ned i denne. Ut i frå lengda på strukturen og funnet av pilspissen, er mogeleg at dette er ei mannsgrav frå vikingtid. Ei kolprøve frå grava, KP2, er datert til 655-670 AD, dvs. merovingertid.




Grava før snitting. Strukturen skilde seg ut i overflata ved å vera litt mørkare i fargen, og med kol og skjørbrent stein. Pila viser staden der pilspissen var funnen (Cf 33775_09).



Grava vart snitta og strukturen tømt (Cf33786_16).

Det er mogleg at det har vore eit underlag under lekamen i grava, massene er litt annleis her, litt mørkare og med enkelte kolbitar. Det er tatt ut makrofossilprøve av dette laget. Både MP1 og MP2 vart analysert, det var kun funne kol i prøvene.

Strukturane S111 og S103. F6 viser funn av pilspiss.



Grav 2

I tillegg vart det funne brente bein i ein annan struktur i fotgrøfta, S102. Denne er tolka som ei sekundærgrav. Beina vart funne i ein konsentrasjon, djubda på strukturen var ca. 16 cm. Ei kolprøve frå strukturen, KP15, er datert til 865-890 AD. Denne dateringa er yngre enn dateringa frå grav 1, og dette styrkar tolkinga om at strukturen er sekundær. Beina kan stamme frå menneske, i følge Per Holck.



Grava var mørkare enn undergrunnen rundt, og massa var kolblanda med skjørbrente stein Cf33778_22).

Haug 2 (C56311)

Fotgrøft 2 var snitta på tre stader, på begge langsiden (1, 2) og der den tangerar fotgrøft 1 (4), djubda var frå 6 til 17 cm.



Fotgrøft 2 etter oppreising (Cf 33776_10).



Snitt gjennom fotgrøft 1 og 2 der desse tangerar. Fotgrøft 1 (t.v.) er djupare og tydlegare. Det er vanskeleg å sjå kven som er eldst av desse (Cf 33785_06).

Grav 1

I fotgrøft 2, S121, vart det også funne ein konsentrasjon med brente bein. Beina vart funne saman med to gjenstander av jern. Struktura er tolka som ei sekundærgrav, der ei skrin eller liknande med brente bein har blitt satt ned. Gjenstandane av jern kan stamme frå eit beslag eller hank til eit skrin, men

delane er for små og korroderte til at ein kan seie dette sikkert. Ei prøve frå fotgrøfta, KP44, er datert til 665-690 AD, dvs. merovingertid. Beina kan stamme frå menneske, i følge Per Holck.



S107 (t.v.) er ei eldre kokegrop, snitt gjennom fotgrøfta (t.h). I dette snittet vart det funne brente bein og to jernfragment ved snitting (Cf33785_13).

Haug 3 (C56312)

Fotgrøft 3 var utydeleg i plan, og på grunn av terrenget skråar mot aust var grøfta umogeleg å sjå her. Grøfta var tydelegast i sør og her vart snittet (6) lagd, grøfta var tydeleg i profil, ca. 10 cm djup. Det vart ikkje funne graver i haug 3. Ei kokegrop, S100, låg sentralt i strukturen. Denne var veldig grunn, og vart ikkje prioritert for snitting. Ei prøve frå fotgrøfta, MP9, er datert til 665-695 AD, dvs. merovingertid.

KOKEGROPER (C56313)

Til saman vart den funne 58 kokegropar, i tillegg til nokre kolflekkar som sannsynlegvis også er restar av kokegropar. 40 av kokegropene vart snitta.



Kokegropfeltet, og Raknehaugen i bakgrunnen, bak trea (Cf 33785_05).

Kokegropene var hovudsakleg runde, storleiken varierte frå 75 cm til 160 cm i diameter. Djubda varierte frå 10 cm til 40 cm. I nokre få av gropene vart det funne brente bein, S81, S86 og S107. Generelt er kokegropene svært godt bevart. I overflata hadde dei fleste eit mørkt brungrått / brunsvart silthaldig fyllskifte med kolspettar og skjørbrent stein. Dei aller fleste strukturane hadde ei klar avgrensing mot undergrunnen. Av dei snitta gropene var 17 runde, 14 ujevne, 7 ovale, og ei kvadratisk i plan. Av dei som var snitta hadde 16 flat, 12 ujevn og 8 rund botn, resten var udefinerbare og omrota. Sju av kokegropene er datert, fire er frå romertid, ei frå folkevandringstid, ei frå merovingertid og ei frå vikingtid.



S41 var ei av største og djupaste kokegropene (Cf33777_15).



S
Enkelte av kokegropene, for eksempel S75, hadde kun kollag og skjørbrent stein bevart (Cf33782_08).

Det var ein konsentrasjon av kokegroper, S31-S39, som flaut inn i kvarandre, og som det var vanskeleg å skilje ut i plan. Ved snitting viste det seg at det var vanskeleg å sjå enkeltgroper også i profil. I staden ser det ut som om det er eit lag med kol og skjørbrent stein som er veldig omrota, og dei opprinnelege gropene er det vanskeleg å få tak på. Ofte finn ein kokegroper på rekkje og rad, men adskilde frå kvarandre, S31- S39 ser i staden ut til å ha blitt brukt mange gonger, men ein kan ikkje skilje ut ulike faser. S31 er datert til 260-385 AD, dvs. yngre romertid.



Ni kokegroper som fløyt saman i plan, ved snitting er dei også uklare, og ser heller ut til å danne eit lag. S31-S33 i framgrunnen (Cf33778_19).

Ved fjerning av dyrkningslaget med maskin, låg det tre tydelege kokegroper lengre ned, S118-S120. Desse var gravd ned i undergrunnen med eit dyrkingslag over. S120 er datert til 340-410 AD, det betyr at den kan vera yngre enn S31, sjølv om den låg djupare. S120 låg i same område som S31-39, var dekt av eit dyrkingslag og derfor ikkje synleg ved fyrste avdekking. Dateringane vitnar om at ei mengde kokegroper har blitt laga i yngre romertid, gropene flyt inn i kvarandre, og nokre ligg djupt og nokre grunt.

DYRKINGSLAG OG ARDSPOR (C56315)

Under kokegropene S31-S39 vart det funne tjukke dyrkingslag. Desse vart avdekt med maskin, og under desse laga var det ardsplor i undergrunnen.



Profil S31-S33. Kokegroper, dyrkingslag og ardsplor vitnar om at området har vore i bruk i lang tid (Cf 33780_14).

Dyrkingslaga var til saman 50 cm tjukke under ca 50 cm med matjord. Enkelte stader var det derfor ein meter ned til undergrunnen. Ved avdekkinga av ardspora med maskin blei det tydleg at dyrkingslaga låg i ei lomme på feltet, med undergrunn av silt mot vest, og leire mot aust.



Området midt på feltet er ei lomme med gamle dyrkingslag (Cf33780_17).

Fleire tre har brenne på feltet. Dette fann vi restar av i form av store raude konsentrasjonane av brent masse. Då ardspora fyrst vart oppdaga, såg det ut som laget låg over, men ved fjerning av dyrkingslaget såg ein at ardspora gjekk fleire stader gjennom, og det er tydeleg at brannen har funne stad før ein har pløgt. Ei kolprøve av laget er datert på bjørk til 7410-7050 BC, dvs. mellommesolittisk tid. Dateringa viser at dei brente strukturane ikkje har samband med dyrkinga på feltet.



Restar i undergrunnen etter ein trebrann i mellom-mesolittisk tid (Cf33776_19).

I profilen under kokegropene var dyrkingslaget mørkare enn ellers i profilen, ein må rekne med at dette er på grunn av utvasking av kokegropelaget. Massa i dei ulike laga er ganske lik, silt med enkelte kullbitar, det er ulikskapar i farge som skil laga frå kvarandre. Det vart tatt ut makroprøve frå dei to dyrkingslaga, og pollenprøve frå dei same laga, samt undergrunnen. I tillegg vart det tatt ut kolprøve frå kollaget på toppen. Ved vasking av makroprøver vart det tatt ut kolprøver til datering. Datering av det nederste dyrkingslaget er til 2860-2590 BC, det vil seie mellom-neolittisk tid. Dyrkingslaget over er datert til 75-130 AD. Og kokegropa på toppen, S31, er datert til 260-384 AD. Dateringane viser at dyrkingslaga har bygd seg opp over 3000 år. I begge dyrkingslaga er det funnet byggkorn.



Dyrkingslag under kokegroplaget. Ein kan skilje ut klare lag i profilen (Cf33781_13).



Ardsplor i undergrunnen, på kryss og tvers (Cf 33785_24).

Ardspora var lettast å påvise rett etter avdekking, og med gode ljøsforhold. Området i sør vart liggande opent over natta etter avdekking, og det viste seg å vera vanskeleg å finne att ardsplor som var tydlege dagen før. Området i sør har derfor ikkje innmålt like mange ardsplor som i den nordlege delen, men dette skuldast hovudsakleg vanskelege arbeidsforhold. Innmålinga av ardspora gjev likevel eit godt bilete på avgrensinga av desse dyrkingsspora. Dei to sjaktene som inneheld ardsplor er til sammen 321,7 m².


5.5.3 DATERING

Gjenstandsfunna kan daterast til merovingertid og vikingtid.

15 kolprøver blei sendt til NTNU for datering (sjå vedlegg). Dateringane er spreidd frå mellom-mesolittikum til vikingtid.


Dei raude brente strukturane i botn av dyrkingslaget er datert til mellom-mesolittikum, det eldste dyrkingslaget til mellom-neolittikum, og dyrkingslaget over til eldre romertid.

Atmospheric data from Reimer et al (2004); OxCal v3.10 Bronk Ramsey (2005); cub r:5 sd:12 prob usp[chron]



Fire av kokegropene er datert til romertid, ei til folkevandringstid, ei til merovingertid og ei til vikingtid. Både fotgrøft 2 og 3 er datert til merovingertid. Grava S111 er datert til merovingertid, medan grav S102 er frå vikingtid.

Atmospheric data from Reimer et al (2004); OxCal v3.10 Bronk Ramsey (2005); cub r:5 sd:12 prob usp[chron]



5.5.4 NATURVITSKAPELEGE PRØVER

22 kolprøver blei sendt til Helge I. Høeg for vedartsanalyse (sjå vedlegg). 10 prøver blei sendt til Helge I. Høeg for pollenanalyse (sjå vedlegg). 8 makrofossilprøver blei sendt til NOK Natur og kultur, København, for analyse (sjå vedlegg).

5.5.5 ANALYSER

Brente og ubrente bein blei sendt til Per Holck for analyse (sjå vedlegg). Dei fleste beina lar seg ikkje bestemme, det betyr at ein ikkje kan utelukke at dei stammar frå menneske. Alle beina som blei funne i S111 er truleg dyrebein. Funn i S102 og S121 kan stamme frå menneske.

5.6 VURDERING AV UTGRAVINGSRESULTATA, TOLKING OG DISKUSJON.

Ei av problemstillingane for utgravinga på Hovin var å avklare om det var flatmarksgraver i området. Feltet viste seg å innehalde flatmarksgraver, og restar av overpløyde gravhaugar. Det at vi har tre fotgrøfter saman, og at det fortsatt eksisterar ei gravhaug rett ved, tyder på at det før har ligge eit gravfelt på staden. Bitane av bronsespenner indikerar at kanskje også har vore graver i den nordlege delen av feltet. Dateringane av fotgrøftene viser at desse er frå merovingertid. Dateringane av kolprøva frå S111 er frå merovingertid, medan pilspissen som vart funne i kan vera frå vikingtid. Det er mogeleg at pilspisstypen skal førast lengre tilbake i tid enn Farbrege (1972) har hevda, eller at kolprøva har gitt ein for gamal datering. Grav S102 er datert til vikingtid. Gjenstandsfunn av blant anna ovale spenner tyder på at det også har vore graver i vikingtid. Alle dateringane frå strukturar som er tolka som graver samlar seg til perioden merovingertid og vikingtid, og det er sannsynleg at lokaliteten hovudsakleg har vore eit gravfelt i denne perioden. Raknehaugen er datert til 500-talet, og er derfor litt eldre enn gravfeltet på Hovin, men det er naturleg å sjå desse i samanheng.

Utgravinga viste at området har vore i bruk over lang tid. Gravene er blant dei yngste strukturane på feltet, kokegropfeltet og dyrkingsspora er eldre. Kokegropene ligg hovudsakleg i dyrkingsslag, men det låg også kokegropar i undergrunnen. Fire av kokegropene datert til romertid, ei til folkevandringstid, ei til merovingertid og ei til vikingtid. Dateringane av ei kokegrop frå Akershus fylkeskommunes registrering av ei kokegrop på den andre sida av skulegarden er til 220 – 400 AD, dette stemmer godt med dateringane frå utgravinga. Undersøkingar som vart gjort i samband med Gardermoprojektet viste at av 69 daterte kokegropar var 47 av dei frå romertid og folkevandringstid (Helliksen 1997:149). Dateringane frå Hovin viser same mønster.

På eit kokegropfelt på Bergerjordet i Sørumsund, Akershus, låg kokegropene i to halvsirklar rundt ein open plass (Bukkemoen 2007:38). Det er interessant at også på Hovin ser kokegropene ut til å vera organisert i rekkjer rundt ein open plass, eller i rekkjer i terrassens lengderetning.

Kokegropfeltet på Hovin ligg både ved eit gravfelt, men også veldig nær ei middelalderkyrkje. Det er grunn til å tru at området har vore ein viktig samlingsstad, og eit knutepunkt, i lang tid. Raknehaugen, som er Skandinavias største gravhaug, understrekar det. Funn av hesteutstyr, hestekosøm, isbrodd og mogelege delar av seletøy med metalløk, tyder på at området kan ha blitt brukt som ein stoppestad i eit viktig vegkryss.

Dyrkingsslaga er 50 cm tjukke enkelte stader, og ardspora i botn tyder på at området har vore kontinuerleg dyrka i fleire tusen år. Det eldste dyrkingsslaget er

frå mellom-neolittisk tid. Dette er den eldste datering som er gjort på slike dyrkingslag i austlandsområdet.

På 1980-talet vart det undersøkt fossile dyrkingsspor frå romertid på Smedsengen, nokre hundre meter fra Raknehaugen, men det var fyrst på 1990-talet, i samband med Gardemoprojektet, at ein begynte å lokalisere og undersøkje jordbruksbusetjing i større skala. Pollendiagramma i Ljøgottjern ved Raknehaugen, viser spor etter kontinuerlig jordbruk fra yngre bronsealder. Intensivering av korndyrkinga kan knyttast til Haug som viser busetjing tilbake til yngre bronsealder. Andre stader med busetjingsspor frå same periode er Ullern, Langeland og Lyshaug, men det er funn frå romertid og folkevandringstid som dominerar. Seinare er det avdekt fleire spor av busetjing frå forhistorisk tid og middelalder, men ikkje sikre hus omkring Raknehaugen og Hovin (Skre 1998:241; Helliksen 2006). Makrofossilprøvene viser funn av byggkorn. Bygg er blant dei eldste kulturplantene som blei dyrka i Noreg.

Pollenanalysene viste at det var dårlege forhold for bevaring av pollen. Det er funne så få pollenkorn at ein ikkje kan seie noko om vegetasjonen i området.

6. KONKLUSJON

Utgravinga vart gjennomført innanfor dei planlagde tidsrammene, med to dagars utviding. Både gravhaugane og dyrkingslaga var nye funn som ein ikkje hadde informasjon om frå registreringa, men som gjev viktig informasjon om området rundt Raknehaugen. Dateringane viser at dyrkinga av området kan førast tilbake til mellom-neolittisk tid. Spor av byggkorn indikerar at dette har blitt dyrka på staden.

Av dei 58 kokegropene, vart 40 snitta. Kokegropene var hovudsakleg godt bevarte. Sju av gropene vart datert, fire av desse er frå romertid, dei tre andre er frå folkevandringstid, merovingertid og vikingtid.

